

Vår referanse: 21/246 21/783
Saksbehandlar: Jostein Støylen
Dato: 20.05.2021

Saksframlegg

Bordgleder Kinn kommune KF. Årsrekneskapen og Årsmelding 2020

Samandrag:

Foretaket har hatt vesentleg omsetningsauke, men svakare økonomisk resultat i 2020 i forhold til budsjett og 2019.

Det er ein del endringar i den nye kommunelova og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning (økonomiforskrifta) som gjeld frå og med 2020. Foretaket har ikkje fått innarbeida alle desse i årsmeldinga for 2020. Vi har hatt samtale med dagleg leiar. Alle krav til informasjon blir teke med i årsmeldinga frå neste år.

Sjølv om ikkje all informasjon er på plass dette første året, meiner vi at årsmeldinga for 2020 kan godkjennast.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet gir slik uttale til kommunestyret

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 10.05.2021.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 74 894, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse per 31.12.2020
 - oversikt over løyvingar til drift og investeringar
 - økonomisk oversikt drift
 - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
 - notar
- 3 Kontrollutvalet har merknader til den framlagde årsmeldinga, men meiner likevel at den kan godkjennast.
- 4 Kontrollutvalet meiner at utviklinga i foretaket si inntening dei to siste åra tilseier at foretaket må ha sterkt fokus på den totale økonomistyringa.
- 5 Kontrollutvalet gjer Kommunestyret merksam på at det er ubalanse i kjønnsrepresentasjonen i foretaket sitt styre. Vi viser til kommunelova § 7-5 og 7-7.

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, «årsberetning» gjeld frå 2020.

Foretaket som har 10 tilsette, driv med produksjon, salg og distribusjon av mat frå kjøkken i Florø. Hovudaktiviteten er matlevering til:

- institusjonar og omsorgstrengande heimebuande innbyggjarar i Flora-delen av Kinn kommune
- mannskap på 43 ferjer i Fjord1, Norled og Boreal.

Vesentlege forhold i 2020:

- Arbeid med å finne meir moderne lokaler for effektiv drift og utvikling og for å stette krava til matproduksjon i framtida
- Lågare aktivitet enn planlagt i kantiner og dagtilbod pga. covid-19, likevel vesentleg omsetningsauke på 32 %
- Tilsetting av ny dagleg leiar og produksjonssjef
- Nye datasystem og samarbeids-/innkøyringsproblem med Kinn Kommune
- Ikkje fullverdig oversikt over økonomien før i september

Økonomi- og personal-tenester blir kjøpt frå kommunen.

Årsrekneskapen er gjort opp med eit negativt netto driftsresultat på kr 74 894. Dette er 360 000 dårlegare enn budsjettet. Det var budsjettet med overskot på kr 285 000. I 2019 var overskotet på kr 159 783.

Brønnøysund-registeret er ikkje oppdatert med noverande styremedlemmar eller dagleg leiar.

I samband med gjennomgang av årsmeldinga og styredokumenta har vi registrert at det er over-representasjon av det eine kjønnet i foretaket sitt styre. Vi viser til valet i kommunestyret 06.11.2019 og til kommunelova § 7-5 2. ledd og § 7-7 3. ledd.

Dagleg leiar og eventuelt styreleiar blir i møtet for å orientere og å svare på spørsmål.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om rekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bordgleder Kinn Kommune KF per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen, styret og dagleg leiar sitt ansvar for rekneskapen og årsmeldinga og revisor sine oppgåver går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

- Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
- Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

I revisjonsmeldinga datert 15.04.2021 kjem det fram at den er gitt fordi rekneskapen ikkje var levert innan fristen. Den er trekt tilbake i den siste revisjonsmeldinga.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen inneheld ikkje informasjon om inntekter og utgifter i 2019. Det er opna for at slik info om 2019-tala kan utelatast i 2020-rekneskapen. Dette fordi dei ikkje vil vere heilt samanliknbare med oppstillingsplana som den nye kommunelova krev frå 2020.

Notar, nr 1 – 18, side 10-27.

Selskapet har hatt vesentleg omsetningsauke på 5,8 mill., som utgjer heile 32 %.

Netto driftsresultat negativt med kr ca. 75 000. Overskotsgrada (netto driftsresultatet % av brutto driftsinntekter) er negativ. I 2019 var dette nøkkeltalet positivt med 0,89 %. I 2018 var overskotsgrada vesentleg betre med 4,2 %. Overskotet var då nesten kr 800 000. Underskotet i 2020 dekkast ved bruk av disposisjonsfondet. Styret er godt fornøgd med dei økonomiske resultata i 2020.

Resultatet er kr 360 000 lågare enn budsjettet. Posten kjøp av varer og tenester i % av omsetninga har auka frå 59% i 2018 til 68 % i 2020.

Vi har stilt dagleg leiar spørsmål vedkommande dette og andre forhold i rekneskapen. Han vil gje svar i møtet.

Årsaka til underskotet til tross for stor omsetnings-auke burde vore forklart i årsmeldinga. Jf. Kommunelova § 14-7 b.

Disposisjonsfondet er på kr 706 228 pr. 31.12.2020. Disposisjonsfondet utgjer 2,9 % av driftsinntektene. Måltalet frå Tekniske Berekningsutval er 5%.

Selskapet har ikkje langsiktige lån.

Årsmeldinga

Sjukefråværet blir omtala som høgt og har vore det i fleire år, men skal no vere i positiv utvikling. Dagleg leiar vil informere om storleiken på sjukefråværet i møtet. Det har vore sett i verk tiltak vedkommande arbeidsmiljøet.

Årsmeldinga gir eit godt oversyn over aktiviteten og utfordringane i 2020. Styret er godt fornøgd med dei økonomiske resultata i 2020. Styret informerer at det har vore fokus på oppfølging av rekneskapet mot budsjett. Det er bra.

Av årsmeldinga går det likevel fram at foretaket ikkje hadde fullverdig oversikt over økonomien i 2020 før i september. Dette er urovekkande. Vi har forståing for dei utfordringane som kommunesamanslåinga fører med seg og at rutinar og roller skal på plass. Styret, dagleg leiar og rekneskapsførar må gjere det dei kan for at ein slik situasjon ikkje oppstår igjen.

Styret kommenterer at det ikkje er purra på kr 216 000 av uteståande krav frå 2020. Vi har spurt om kva som er status vedkommande desse kundekrava no, ca.2 månadar etter årsmeldinga blei skriven. Vi har fått opplyst at det er purra og at foretaket ønsker at det blir etablert faste purre-rutinar frå rekneskapsførar si side som er økonomiavdelinga i Kinn Kommune.

Dersom noko av desse 216 000 representerer tap, må det kostnadsførast i 2021.

På grunnlag av omsetningsauken, det økonomiske resultatet dei to siste åra og dei problemstillingane knytt til økonomi som årsmeldinga peikar på, meiner vi at foretaket si leiging bør ha stort fokus på den **totale økonomistyringa** framover. Dvs. kalkyler, etterkalkyler, prissetting, oversikt over kostnadsstrukturar (faste og variable kostnader), fordelingsnøklar, kostnadsstyring, oversikt over inntening pr. kunde/kundegruppe, realistiske budsjett, perioderekneskap, innfordring, budsjettoppfølging, gode verktøy i dette arbeidet mm.

Den nye kommunelova § 14-7 stiller meir omfattande krav enn tidlegare til årsmeldinga si omtale av:

- økonomiske utvikling, - stilling og –handleevne over tid
- vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap
- etiske standard
- likestilling og integrering

Punkta i § 14-7 er i lita grad omtala. Vi har informert dagleg leiar. Momenta blir teke med i årsmeldinga frå neste år.

§14-7 er teke inn nedanfor. I lovteksten er det brukt nemninga «årsberetning» sidan kommunelova er skrive på bokmål.

«§ 14-7. Årsberetning

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og [diskrimineringsloven § 26](#).

Årsberetningene skal avgis senest 31. mars.

Endret ved [lov 21 juni 2019 nr. 57](#) (ikr. 1 jan 2020 iflg. [res. 21 juni 2019 nr. 776](#)).»

Styret i Bordgleder Kinn Kommune KF si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga

Styret gjorde slikt vedtak/innstilling:

«Styret i Bordgleder Kinn Kommune KF godkjenner årsmelding 2020.

Styret i Bordgleder Kinn Kommune KF godkjenner årsrekneskap for 20202».

Vurdering og konklusjon:

- Revisor stadfestar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til foretaket per 31.12.2020 og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
- Revisor har ingen merknad til det framlagde årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.
- Vi meiner at årsmeldinga ikkje inneheld informasjonskrava i kommunelova §14-7. Foretaket må innarbeide desse i framtidige årsmeldingar.
- Den økonomiske utviklinga dei siste åra har vore negativ.
- Det er ikkje kjønnsbalanse i styret.

Dagleg leiar
Jostein Støylen

Saksbehandlar/Spesialrådgivar
Jorunn Sandal